

Interpellasjon til kommunestyret onsdag 17.april 2013

Vedkomande: Vedtak i sak nr. 5/13 i kommunestyret 06.03.13

Gildskap

I kommunestyresaka om spørsmålet vedgåande gildskap vart eg erklært ugild av kommunestyret fordi eg er fostermor. Eg stilte sjølv spørsmålet om gildskap for å vera på den sikre sida. I debatten av gildskapen min opplevde eg at kommunestyret la seg på ei stram line etter at representantane Gunnar Bruvik og Øyvind Røen hadde sine innlegg. Eg fekk spørsmål på ny om eg opplevde med som ugild. Slik situasjonen var då stadfesta eg det. I etterkant finn eg dette heilt urimelig sidan somme andre ikkje reiste spørsmål om gildskapen sin.

- Eg bed om å få vurdert min eigen gildskap på nytt då eg meiner at eg er gild i saka.
- Kanskje andre burde vurdere sin gildskap?!

Gjennomgang av Barnevernet

Den gruppa som skal vera styringsgruppa i arbeidet med gjennomgangen av barnevernet må ha tillit hos innbyggjarane, brukarane, politikarane og dei tilsette, Medlemene må vera objektive. Av ulike grunnar kan eg ikkje sjå at alle tre som vart valde er det.

Eg ber om at vedtak i sak 05/13, vedrørende gjennomgang av barnevernet, vert vurdert på nytt.

Framlegg til vedtak:

Samnanger kommune, ved kommunestyret, opphevar vedtak i sak 05/13 ved å fatta nytt vedtak:

Kommunestyret bestiller ein forvaltningskontroll av barnevernet i Samnanger ved kontrollutvalet.

Kommunestyret stiller midlar frå disposisjonsfondet til rådvelde. Summen vert tildelt når det ligg føre kostnadsoverslag.

Helsing Bodil H. Øpstebø (KrF)

Bodil H. Øpstebø

SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK.NR. <u>4/641</u>	J.NR. <u>13/</u>
15 APR 2013	
EMNEKODE <u>033 227</u>	
OBJEKTkode:.....	
SAKSH: <u>MH</u>	GRADERING.....